

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.02.2017**

**Rosalind Fosse (Frp)** sett fram slikt forslag til vedtak:

«Fylkesrådmannen sitt forslag vert erstatta med føljande 2 pkt.:

1. Fylkesutvalet har ingen merknader til endringane i Vassressursloven.
2. Fylkesutvalet har ingen merknad til forslag til endring i jordlova.»

### **Røysting**

Innstillinga vart vedteke mot 2 røyster (Frp) for Fosse sitt forslag.

### **Vedtak**

1. Fylkeskommunen har sidan 2010 hatt vedtaksmyndigheit i kraftsaker under 1 MW, men med ei rekke unnatak. Forslaget om å overføre denne type saker til kommunane vil framleis ha mange unnatak, og sakene vil vere få, men stadig meir konfliktfylte. Det vil vere betre ressursbruk og meir effektivt å handsame sakene regionalt. Fylkesutvalet går inn for at myndigheita framleis skal vere hjå fylkeskommunane.
2. Fylkesutvalet meiner at OED må utgreie å overføre større myndighet for kraftsaker under 1 MW til dei nye regionane. Dei vil ha den nødvendige kompetansen til å behandle fleire type søknader. Fylkesutvalet ber om at OED utset endring av vannressursloven på dette punktet til regionreforma er vedtatt. Dei nye regionane bør få fleire, ikkje færre oppgåver.
3. Fylkesutvalet har ingen merknader til dei andre forslaga til endringar i Vannressursloven.
4. Fylkesutvalet har ingen merknader til forslag til endringar i Jordlova.